



**Småkraftpakke i Fjaler: Øyrafossen kraftverk, Tjøredalselva kraftverk, Yndestadhølen kraftverk og Lønnebotn kraftverk. Uttale frå Fjaler kommune.**

**SAKSGANG**

Styre, utval, komite m.m.  
Kommunestyret

Møtedato  
25.01.2016

Saksnr  
**007/16**

Saksansvarleg  
COH

---

Arkivsaknr

15/477

Sakshandsamar

Connie  
Hovland

Arkiv

K2-S11

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Kommunestyret i Fjaler er positive til utbygging av Lønnebotn, Øyrafossen, Yndestadhølen og Tjøredalselva kraftverk og vedtek vurderingane i saka som sin høyringsuttale søknad om løyve.

**25.01.2016 KOMMUNESTYRET**

**Handsaming i møtet:**

Nina Yndestad (AP), har eigarinteresse i eit av selskapa som har søkt om konsesjon. Kommunestyret konkluderte med ugildskap  
Det var ikkje kalla inn vara.

**Framlegg frå Martk Taylor (MDG):**

Rådmannen sitt framlegg tek med dei følgjande endringane i «Samla vurdering av dei 4 søknadane»:

1. Endra setning i andre avsnitt til «Det er konflikt med naturverdiar i Lønnebotn, Tjøredalselva og Yndestadhølen, men konfliktnivået kan truleg redusertast med å setje vilkår til minste vassføring og andre tiltak».
2. Tilføye til nest siste avsnitt «Det bør gjerast ei vurdering av sum verknader av desse kraftverka med tanke på konsekvensane av framtidig utbygging i verneområdet».
3. Tjøredalselva kraftverk (Miljøfyrtårn) er eit godt berekraftig døme for framtidige søknader i verneområde.

**Røysting:** (Det vart røysta punktvis)

- Pkt 1 fall mot ei røyst (MDG)  
Pkt 2 fall mot ei røyst (MDG)  
Pkt 3 fall mot ei røyst (MDG)

Deretter vart det røysta over rådmannen sitt framlegg, som vart vedteke med 21 røyster – ei røyst mot (MDG).

## **KOM-007/16 VEDTAK:**

Kommunestyret i Fjaler er positive til utbygging av Lønnebotn, Øyrafossen, Yndestadhølen og Tjøredalselva kraftverk og vedtek vurderingane i saka som sin høringsuttale søknad om løyve.

### **Trykte vedlegg i saka**

Nr	T	Dok.dat	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	16.11.2015	Noregs vassdrags- og energidirektorat	Høyring - Søknad om løyve til fire småkraftverk i Fjaler

Kun høringsbrev og kartvedlegg er prenta vedlegg.

Høringsdokumenta (søknad med vedlegg) kan lastast ned her:

<https://www.nve.no/konsesjonssaker-og-hoeringer/>

### **Ikkje trykte vedlegg i saka**

Differensiert forvaltningsplan for Flekke- og Guddalsvassdraget, 2015

Kommuneplanen sin arealdel, 2009

### **SAKSUTGREIING:**

NVE har motteke søknadar frå fleire søkerar om løyve til fire småkraftverk i Fjaler kommune. Alle dei fire kraftverka er planlagt i Guddalsvassdraget, som vart varig verna gjennom verneplan IV for vassdrag (st. prp. nr. 118 (1991-92)). Det kan søkast om løyve til kraftverk med installert effekt på under 1 MW i verna vassdrag. Søknaden er no på høyring og Fjaler kommune er bedt om å gje uttale til søknadane.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredninger etter sektorlover». Søknaden med vedlegg er lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og på Sørviskontoret på Fjalerhuset.

### **VURDERING:**

Alle dei 4 kraftverka ligg innanfor Guddalsvassdraget som uten Sørebøelva vart verna i *Verneplan IV for vassdrag i 1993*. Sørebøelva vart verna i *Supplering av Verneplan for vassdrag i 2005*.

Det vart utarbeidd ein fleirbruksplan for Guddalsvassdraget som vart vedteken 15.12.94. Denne planen er no revidert og ein viktig del av revideringa var at ein skulle sjå på mogelegheit for utbygging av mikro- og minikraftverk. Planen er no utarbeidd som ein tematisk kommunedelplan og planområdet er utvida til å gjelde heile nedslagsfeltet for Flekke- og Guddalsvassdraget og omfattar difor areal i nabokommunane Gauldalen, Høyanger og Hyllestad. Planen vart vedteken i Fjaler kommunestyre 07.09.15, men er ikkje vedteken i dei andre kommunane endå. Målsettinga med planarbeidet var følgjande:

*Planarbeidet skal munne ut i eit system som skal samordne bruken av vassdraget på ein slik måte at folk skal kunne bu og leve i området samstundes som ein tek vare på dei verdiane som ligg til grunn for at vassdraget vart varig verna mot kraftutbygging.*

*Planen skal også vere med å gje informasjon om verdiane i vassdraget og kva lovverk ulike typar inngrep skal vurderast i høve til. Det er viktig at landbruksnæringa får stabile rammevilkår slik at dei kan vidareutvikle verksemda si.*

*Planen har også som mål å gje betre grunnlag for utnytting av næringsverdiane i vassdraget. I dette ligg også å søkje å legge til rette for at det skal bli lettare å finne ut i kva grad vatnet kan nyttast til mindre produksjon av kraft.*

Vassdraget er i forvaltningsplanen inndelt i ulike soner og det er gjeve forvaltningskategoriar for ulike tiltak. Dei 4 omsøkte kraftverka ligg i sone 2 i forvaltningsplanen og arealplanstatus er LNF – føremål i arealdelen. Forvaltningsplanen har følgjande føringar for klasseinndelinga i soner og forvaltningskategori for tiltak.

### **Klasseinndeling**

*Vassdraget er i forvaltningsplanen delt inn i soner for å kunne oppnå tilnærma lik forvalting for tilnærma like areal. Sonene skal seie oss noko om kor mykje menneskeleg påverknad som er i landskapet. Plankartet viser soneinndelinga i grove trekk, og er meint som eit visuelt verkemiddel. Det er såleis den reelle arealtilstanden på kvart einskilt område som vert lagt til grunn for vurderingane under sakshandsaminga.*

#### **Sone 1 (S 1) Område med høg grad av menneskeleg påverknad.**

*Områda ligg nær tettstader. Areala er påverka av mange slag inngrep og tiltak. Verneverdiane er knytt til restområde av våtmarker i elveutløpa, elva som landskapslement, friluftsområda i strandsona til elva, kulturminne i form av gamle bygningar, fornminne m.m.*

*Det skal leggast særleg vekt på at inngrep og tiltak ikkje skadar opplevinga av vassdraget, kulturminne langs elva og tilhøva for å komme til elva og drive friluftsliv.*

**NB Det er ikkje slike område i dette nedslagsfeltet.**

#### **Sone 2 (S 2) Område med middels grad av menneskeleg påverknad.**

*Område med aktivt landbruk og spreidd busettnad. Arealet er i varierande grad påverka av inngrep. Verneverdiane er knytt til det overordna landskapsrommet, mange vakre kulturlandskap, område med aktivt friluftsliv, spesielle naturverdiar som overvintringsområde for vassfugl og mange typar kulturminne, frå steinalderen fram til byrjinga av 1900-talet.*

*Det skal særleg leggast vekt på å ta vare på friluftsområda og verneverdige og viktig naturforekomstar, kulturlandskap, kulturminne og fiskeressursar. Ein skal unngå plassering av hus og hytter nær inntil vassdraget/mellom vassdrag og hovudveg.*

#### **Sone 3 (S 3) Område med liten grad av menneskeleg påverknad.**

*Område med relativt urord natur. Her finn ein viktig beiteområde, aktivt nyitta stølsområde og enkelte fritidsbygg. Det er store verneverdiar knytt til nedbørssfeltet som system og verneinteresser knytt til fleire fagområde. Det urørde ved desse områda må takast vare på og tiltak og inngrep må ikkje skade påviste verneverdiar eller naturbruksverdiar.*

### ***Forvaltningskategoriar***

*Det er i denne samanheng sett ein verdi som fortel kor stor konflikt eit inngrep eller tiltak vil utgjere i høve til verneverdiane i vassdraget. Forvaltningskategoriane er retningsliner for ein individuell og skjønnsmessig vurdering av inngrepa og tiltaka. Kategoriane er talsett frå 1 til 4, der aukande tal gjev aukande konfliktgrad, og difor krev grundigare vurdering av dei ulike interessene som inngrepet kan ha verknad på. Eventuelle ulemper av inngrepet vert vurdert i høve til nytteverdien av inngrepet.*

*Dei 4 kategoriane er:*

1	<i>Tiltak eller inngrep som normalt kan gjennomførast.</i>
2	<i>Tiltak eller inngrep som normalt ikkje er i konflikt med vernegrunnlaget, men der søknaden må vurderast opp mot verneverdiane.</i>
3	<i>Tiltak eller inngrep som normalt vil vere i konflikt med vernegrunnlaget og der omfang, detaljering og utforming av inngrepet avgjer om tiltaket kan utførast.</i>
4	<i>Tiltak eller inngrep som er i konflikt med vernegrunnlaget og normalt ikkje kan utførast.</i>

Dei mest aktuelle typar tiltak og inngrep er lista opp i ein tabell dei det er gitt forvaltningskategori for ulike tiltak/inngrep i dei ulike sonene. Mikro- og minikraftverk opp til 1000kW er plassert i kategori 2 for sone 2 og kategori 3 for sone 3. Dei omsøkte kraftverka ligg alle i sone 2 ut frå forvaltningskategori 2 vert det vurdert til tiltak som normalt ikkje er i konflikt med vernegrunnlaget, men søknaden må vurderast opp mot verneverdiane.

## Lønnebotn Kraftverk

Lønnebotn kraftverk vil nytte eit fall på 78 m i Nautsundelva, frå inntaket på 136 moh. til kraftstasjonen på 58 moh. Tilløpsrøyret blir om lag 950 m lang og er planlagd nedgraven i heile si lengd. Det er foreslått ei minstevassføring på 137 l/s. Middelvassføringa i elva er berekna til 1870 l/s. Maksimal slukeevne blir på 750 l/s. Det utgjer om lag 40 % av middelvassføringa. Kraftverket vil få ei installert effekt på 482 kW og produksjonen er berekna til 3,04 GWh/år.

Samla vurdering av tiltaket i søknaden:

*Utbygginga vert av søkjar samla vurdert som liten til ingen negativ konsekvens. Prosjektet handlar om å nytta dei ressursane ein har tilgjengeleg, og sikre framtida til den tradisjonelle gardsdrifta på staden. Det vert teke omsyn til verna vassdrag med grensa på installert effekt på 1 MW, då anlegget er planlagt med 0,48 MW, med ei slukeevne på 40 %. Ikkje meir enn kring 30 meter vest for inntaksområdet er det i dag eit stort massetak, i tillegg har kommunen gått inn for utbygging av ein motorsport bane kring 250 meter sørvest for inntaksområdet. Ein vurderer såleis ikkje området som urørt, samstundes ynskjer ein og gjera tiltaket så lite synleg som mogeleg slik at naturbilete vert i vareteke i størst mogeleg grad. Det har ein tenkt og gjera ved å nytta alternativet om nedgrave vassinntak og inntaksbasseng, samt nedgraven røyrgate. Det fører til at elva vert spart for opp demming og synlege inngrep i elvelaupet. Kraftstasjonen er planlagt plassert på utbyggjar sin eigen grunn, på beitemark.*


*Tiltaksområdet ligg ikkje i urørt område, og råkar ikkje jordbruks- eller skogdriftsinteresser eller turstiar. Den biologiske mangfald rapporten konkluderer og med at tiltaket har ein liten negativ verknad på verdifulle naturtypar og biologisk mangfald elles. Det vart gjort funn av ein raudlista art Skoddelav (VU) på ei bjørkestamme, men tiltaket vurderast også her til og ikkje å ha negativ verknad på arten. Klimaet i området er svært nedbørsrikt og stabilt fuktig, det viser igjen i naturtypane, som består av mykje trivuelle artar og generelt vanlege artar for området. Ein antek at det kan vere fossekall som hekkar i vassdraget, i den forbindning har ein tenkt å setja opp hekkekassar som eit avbøtande tiltak dersom det er tilfellet.*

I søknaden vert utbygginga vurdert til å ha liten til ingen konsekvens. Ut frå vurderingane i søknaden og utgreiingane er det ingen/liten konflikt med vernegrunnlaget og jamfør føringane i kommunen sin forvaltningsplan så kan tiltaket tillatast. Fjaler kommune meinar det er ein del manglar og feilopplysningar i søknaden som må rettast opp og vurderast nærmare.

Det går ikkje fram av søknaden om bjørkestammen der det er registrert skoddelav vert bevart eller ikkje.

Fleire stader i søknaden er det vist til at det er eit stort eksisterande massetak i området og at kommunen har gått inn for utbygging av ei motorsportbane 250 meter sørvest for planområdet og at området såleis ikkje er urørt. Dette meiner vi ikkje er riktig framstilt i søknaden og at dette vert brukt som eit argument for utbygging vert difor feil. Det er riktig at det er eit massetak i området, men det er ikkje stort og eksisterande. Dette er eit eldre uttak og som bilda viser har det ikkje vore aktivitet der på lang tid. Det er ikkje eit godkjent masseuttak og om det skal takast ut meir massar i området må det omsøkast og handsamast først. Grunneigar kan ta ut mindre mengder til eige bruk. Kommunen har heller ikkje vedteke utbygging av ei motorsportbane i området. Det er avsett eit område i arealdelen til dette føremålet, men med krav om reguleringsplan og etterhald frå fylkesmannen om motsegn til reguleringsplanen. Arbeidet med reguleringsplanen er ikkje starta opp og ein jobbar no med revidering av arealdelen. Ein vil gjennom dette arbeidet vurdere område avsett til motorsportbane på nytt og truleg vil ein ta det ut grunna høgt konfliktnivå og endre det tilbake til LNF føremål.

I punkt 3.4 om ras, flaum og erosjon side 24 står det at det ikkje er fare for ras i området. Dette er ikkje godt nok utreda. Skreddata henta frå fylkesatlas (sjå figur nedanfor) viser ulike aktsemdsområder i området. Deler av traseen og stasjonsområde ligg innanfor aktsemdsområde og viser at det kan vere fare for både snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred. Dette er ikkje omtalt i søknaden i det heile og må utgreiast nærmare. Spesielt bør ein vurdere stasjonsområde som ligg innanfor aktsemsona for jord- og flaumskred.



Aktsemdskart skred og steinsprang - utsnitt fra fylkesatlas.no

Det vert i punkt 3.10 vist til at det ikkje er kjende eller registrerte kulturminner i området, med unntak av ruinar etter ei gamal sag. SEFRAK registerert viser at det og er registrert 3 andre ruinar eit stykke sør for inntaksområde. Har ikkje nærmare informasjon om desse og det er mogeleg det ikkje er noko igjen der i dag, men ein bør uansett vurdere det noko nærmare samt at det ved utbygging vert teke omsyn til desse og det gamle sagbruket. Det er og brukar (steinmurar) etter ei gamal bru på begge sider av elva der ny bru er planlagt. Desse bør ein og ta vare på i den grad det let seg gjere.

Tema som er påpeika i vurderinga ovanfor må vurderast nærmare, men ut frå kjende registreringar i området er konfliktnivået lågt. Så lenge det ikkje kjem fram nye opplysningar gjennom tilleggsvurderingane som viser at tiltaket er i konflikt med vernegrunnlaget kan og tiltaket kan gjennomførast utan store konsekvensar.

## Øyrafossen kraftverk

Øyrafossen kraftverk vil nytte eit fall på 120 m i Kalstadelva frå inntaket på 200 moh. til kraftstasjonen på 80 moh. Tilløpsrøyret blir 380 m lang og er planlagd nedgraven i heile si lengd. Det er foreslått ei minstevassføring på 74 l/s. Middelvassføringa i elva er berekna til 1,7 m<sup>3</sup>/s. Det er søkt om to alternativ for slukeevna i kraftverket. I hovudalternativet er det planlagd ei maksimal slukeevne på 770 l/s. Det utgjer om lag 45 % av middelvassføringa. Installert effekt og produksjon for hovudalternativet blir 784 kW og 4,88 GWh/år. I alternativ 2 er det planlagd ei maksimal slukeevne på 430 l/s. Dette utgjer om lag 25 % av middelvassføringa. Installert effekt og produksjon for alternativ 2 blir 439 kW og 3,13 GWh/år.

**Samla vurdering av tiltaket i søknaden:**

*Vurdering av samla belastning for eit tiltak bør setjast saman med fleire kriteria. Datagrunnlag, kunnskap og skildring/vurdering av moglege verknader og konfliktpotensiale bør sjåast i samanheng. Nedste delane av Øyrafossen er prega av menneskeleg påverknad. Det går ein gardsveg som vil forlengast opp til inntaket. Frå inntaket er det berre 80 meter til bilveg. Inntaket vil ikkje bli synleg frå vegen. Røyrgate og kabel blir gravet ned. Kraftverket har et planlagt uttak på berre 45% av middelvassføring, og berre små forskjellar vil synast i vassføringa til Øyrafossen. Då det ikkje er magasin, vil vassføringa nedanfor kraftverket gå som normalt. Den ekstra belastninga på naturen som følgje av dette kraftverket er vurdert til å bli liten.*

*Når det gjeld omkringliggende vassdrag er det planlagt eller bygt fleire anlegg, (sjå kart, kap. 1.5). Dette har samanheng med fleire naturgitte forhold, som mykje nedbør og store høgdeskilnader. Sjølv om Guddalsvassdraget er verna, er det fire nye kraftverk i forskjellige sideelver som no skal handsamast etter vassressurslova. Av kraftverka i Fjaler kommune er Sunnfjord Energi konsulent for Øyrafossen, Tjøredalselva og Yndestadhølen, og grunneigarane sjølv står som tiltakshavar. Desse kraftverka vil isolert sett få små negative konsekvensar for miljøet, men det er vanskeleg å vurdere i kor stor grad dei negative effektane av desse kraftverka, samt dei andre omsøkte kraftverka, vil akkumulerast til. Sunnfjord Energi er ikkje kjent med miljøverknadane til dei andre omsøkte kraftverka, og kan såleis heller ikkje gjere noko vurdering av sumverknad i forhold til desse.*

Øyrafossen er markert som ein viktig foss i forvaltningsplanen for Flekke- og Guddalsvassdraget. Den vil som følgje av utbygginga få redusert vassføring og miste noko av sin verdi som eit viktig landskapselement. Verdien av vassdraget som type- og referansevassdrag vil bli noko redusert. Det er ikkje andre kjende interesser i området som medfører at tiltaket vert vurdert å komme i konflikt med verneinteressene.

### **Yndestadhølen Kraftverk:**

Yndestadhølen kraftverk vil nytte eit fall på 15 m. Inntaket plasserast på 66 moh. og kraftstasjonen på 51 moh. Tilløpsrøyret blir om lag 300 m, og er planlagd nedgraven i heile si lengd. Det er foreslått ei minstevassføring på  $1,4 \text{ m}^3/\text{s}$ . Middelvassføringa i elva er berekna til  $13,9 \text{ m}^3/\text{s}$ . Maksimal slukeevne blir på  $5 \text{ m}^3/\text{s}$ . Det utgjer om lag 36 % av middelvassføringa. Kraftverket vil få ei installert effekt på 600 kW med ei forventa årleg produksjon på 3,6 GWh.

**Samla vurdering av tiltaket i søknaden:**

*Vassvegen er planlagt med 300 meter nedgravd røyrgate frå inntak til kraftstasjon. Inntaket vil ikkje bli synleg frå vegen. Området ligg skjerma til i dalbotn, og tiltaksområdet som beskrive i denne søknaden med monaleg minstevassføring er ikkje av eit slikt omfang at det vil påverke det landskapsmessige. Når det gjeld omkring liggjande vassdrag er det planlagt eller bygt fleire anlegg, (sjå kart, kap. 1.5). Dette har samanheng med fleire naturgitte forhold, som mykje nedbør og store høgdeskilnader. Sjølv om Guddalsvassdraget er verna, er det fire nye kraftverk i forskjellige sideelver som no skal handsamast etter vassressurslova.*

*Av kraftverka i Fjaler kommune er Sunnfjord Energi konsulent for Øyrafossen, Tjøredalselva og Yndestadhølen, og grunneigarane sjølv står som tiltakshavar. Desse kraftverka vil isolert sett få små negative konsekvensar for miljøet, men det er vanskeleg å vurdere i kor stor grad dei negative effektane av desse kraftverka, samt dei andre omsøkte kraftverka, vil akkumulerast til. Sunnfjord Energi er ikkje kjent med miljøverknadane til dei andre omsøkte kraftverka, og kan såleis heller ikkje gjere noko vurdering av sumverknad i forhold til desse.*

Det er funne flaummose ved Yndestadhølen. Det bør truleg setjast vilkår i eit eventuelt løyve slik at denne bestanden vert ivaretaken. Fjaler kommune reknar med at fylkesmannen vurderer søknadane nærmare knytt til miljø- og naturverdiane i området. Kraftverket ligg i sone 2 og forvaltningskategori 2 i forvaltningsplanen for Flekke- og Guddalsvassdraget og skal normalt ikkje i konflikt med verneverdiane. Søknaden skal vurderast opp mot verneverdiane og med unntak av funnet av flaummose vert tiltaket vurdert til å ikkje vere i konflikt med vernegrunnlaget.

#### **Tjøredalselva kraftverk:**

For Tjøredalselva kraftverk er det søkt om to alternative utbyggingar. I hovudalternativet vil kraftverket nytte eit fall på 78 m i Tjøredalselva frå inntaket på 248 moh. til kraftstasjonen på 170 moh. Tilløpsrøyret blir 700 m lang og er planlagd nedgraven i heile si lengd. Det er her foreslått ei minstevassføring på 280 l/s om sommaren og 270 l/s om vinteren.

Middelvassføringa i elva er berekna til  $2,57 \text{ m}^3/\text{s}$ . Kraftverket vil få ei installert effekt på 600 kW og produksjonen er berekna til 4,04 GWh/år. Det er også søkt om eit alternativ med inntakspllassering på 190 moh., medan kraftstasjonen blir lagt på same høgde over havet som i hovudalternativet. Kraftverket vil då nytte eit fall på 20 m. Tilløpsrøyret blir 300 m lang, og nedgraven i heile si lengd. Det er foreslått ei minstevassføring på 162 l/s heile året i alternativ 2. Middelvassføringa er berekna til  $2,75 \text{ m}^3/\text{s}$  for alternativ 2. Installert effekt og forventa årleg produksjon blir 150 kW og 1,03 GWh. Maksimal slukeevne blir på  $0,95 \text{ m}^3/\text{s}$  for både alternativ. Det utgjer om lag 35-37 % av middelvassføringa.

**Samla vurdering av tiltaket i søknaden:**

*Vassvegen er planlagt med 700 røyrgate frå inntaket og til kraftstasjonen. Her er det planlagt delvis sprenging og nedgraving. Innlopskanalen til rørgata vert bygt under bakken og vil såleis ikkje bli synleg for folk. Tiltaksområdet som beskrive i denne søknaden med monaleg minstevassføring er ikkje av eit slikt omfang at det vil påverke det landskapsmessige.*

*Når det gjeld omkring liggjande vassdrag er det planlagt eller bygt fleire anlegg, (sjå kart, kap. 1.6). Dette har samanheng med fleire naturgitte forhold, som mykje nedbør og store høgdeskilnader. Sjølv om Guddalsvassdraget er verna, er det fire nye kraftverk i forskjellige sideelver som no skal handsamast etter vassressurslova.*

*Av kraftverka i Fjaler kommune er Sunnfjord Energi konsulent for Øyrafossen, Tjøredalselva og Yndestadhølen, og grunneigarane sjølv står som tiltakshavar. Desse kraftverka vil isolert sett få små negative konsekvensar for miljøet, men det er vanskeleg å vurdere i kor stor grad dei negative effektane av desse kraftverka, samt dei andre omsøkte kraftverka, vil akkumulerast til. Sunnfjord Energi er ikkje kjent med miljøverknadane til dei andre omsøkte kraftverka, og kan såleis heller ikkje gjere noko vurdering av sumverknad i forhold til desse.*

Svartefossen er markert som ein viktig foss i forvaltningsplanen for Flekke- og Guddalsvassdraget. Den vil som følgje av utbygginga få redusert vassføring og miste noko av sin verdi som eit viktig landskapselement. Verdien av vassdraget som type og referansevassdrag vil bli noko redusert. Det er ikkje andre kjende interesser i området som medfører at tiltaket vert vurdert å komme i konflikt med verneinteressene.

#### **Samla vurdering av dei 4 søknadane:**

Ut frå opplysningane gitt i søknaden og kjende registreringar i området er konfliktnivået lite/middels i høve vernegrunnlaget for vassdraget. Det er funne skoddelav ved Lønnebotn og flaummose ved Yndestadhølen. Det bør truleg setjast vilkår i eit eventuelt løyve slik at desse bestandane vert ivaretakne. Fjaler kommune reknar med at fylkesmannen vurderer søknadane nærmare knytt til miljø- og naturverdiane i området.

Nyleg vedteken forvaltningsplan for vassdraget gjev føringar for at mindre kraftverk (under 1MW) som ligg innanfor sone 2 kan godkjennast og at desse normalt ikkje er i konflikt med vernegrunnlaget. Det er konflikt med naturverdiar i Lønnebotn og Yndestadhølen, men konfliktnivået kan truleg reduserast med setje vilkår til minstevassføring og ev. andre tiltak.

Det er behov for nærmare utgreiing av skred- og steinsprangfaren for Lønnebotn kraftverk. Spesielt bør ein vurdere stasjonsområde som ligg innanfor aktsemdsona for jord- og flaumskred.

I forvaltningsplan for Flekke- og Guddalsvassdraget har ein markert dei 5 viktigast fossane innanfor planområdet. To av desse, Øyrafossen og Svartefossen, vert berørt av omsøkte utbygging og vil få redusert vassføring som følgje av ei utbygging og miste noko av sin verdi som eit viktig landskapselement. Verdien til vassdraget som type- og referansevassdrag vil bli noko redusert. Det må setjast krav til tilstrekkeleg minstevassføring i eit eventuelt løyve.

Landbruk er den viktigaste næringa innanfor verneområdet og utbygging av kraftverk vil medføre ein inntektsauke og styrking av næringsgrunnlaget for dei som er fallrettseigarar.

Dersom dei 4 omsøkte kraftverka vert godkjent vil ein opne for kraftutbygging i det verna vassdraget og det vil gje føringar for handsaming av nye søknadar innanfor verneområdet. Tilsvarande og framtidige søknadar i sone 2 med lågt konfliktnivå vil då måtte godkjennast.

Fjaler kommune vurderer at ingen av dei omsøkte tiltaka er i vesentleg konflikt med vernegrunnlaget for Flekke- og Guddalsvassdraget. Forvaltningsplanen for vassdraget tilseier og at søknadane kan godkjennast. Fjaler kommune er positive til utbygging av Lønnebotn, Øyrafossen, Yndestadhølen og Tjøredalselva kraftverk.